

KOMMISJONSVEDTAK

2009/EØS/63/04

av 21. juni 2005

om unntak for Italia i medhald av artikkel 3 nr. 2 i rådsdirektiv 92/102/EØF om identifikasjon og registrering av dyr(*)*[meldt under nummeret K (2005) 1826]***(Berre den italienske teksta er gyldig)**

(2005/458/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,med tilvising til rådsdirektiv 92/102/EØF om identifikasjon og
registrering av dyr⁽¹⁾, særleg artikkel 3 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I artikkel 3 nr. 2 i rådsdirektiv 92/102/EØF er det fastsett at medlemsstatane kan få løyve til å utelate frå lista som er fastsett i artikkel 3 nr. 1 i det nemnde direktivet, driftseiningar som held færre enn tre sauer eller geiter som dei ikkje krev tilskot for, eller eitt svin, på det vilkåret at dyra er meinte for eigen bruk eller eige konsum, og at dei før all overflytting vert underlagde kontroll slik det er fastsett i direktivet.
- 2) Dei italienske styresmaktene har bede om at dette løyvet skal gjelde for driftseiningar som held berre eitt svin, og har gjeve dei garantiane som er naudsynte med omsyn til veterinærkontroll.

3) Italia bør difor få løyve til å nytte unntaket.

4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Italia har løyve til å nytte det unntaket som er fastsett i artikkel 3 nr. 2 i direktiv 92/102/EØF, på driftseiningar som held berre eitt svin.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til Republikken Italia.

Utferda i Brussel, 21. juni 2005.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 160 av 23.6.2005, s. 31, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 100/2006 av 22. september 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 60, 30.11.2006, s. 3.

(¹) TEF L 355 av 5.12.1992, s. 32. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 21/2004 (TEU L 5 av 9.1.2004, s. 8).